

## Korte turar:

### Bødalssætra

Koseleg familiesæter. Kjør oppover Lodalen (ca 12 km) og ta til venstre ved skilt til Bødalssætra. (Bomveg). Kjør oppover fjellvegen inntil du møter ein parkeringsplass. Frå parkeringsplassen er det ca 10 minutt lett gange inn til sætra.

Dersom du ønskjer ein litt lenger tur, kan du gå frå hovudvegen (ved skilt til Bødalssætra). Det er også fint å gå vidare innover frå Bødalssætra, mot Bødalbreen, i flatt og lett terreng.

### Tjugen Seter - Sande (3 timar)

Startpunkt: Tjugen, 1 km frå Loen. Endepunkt: Sande camping.

Høgaste punkt: Tjugen Sæter, 450 m.o.h.


Ca. 1 time vandring til Tjugen Sæter (same veg som til Skåla), følg merka sti retning søraust. Følg sti til Sande Camping. Utsikt over Lodalen og Lovatnet. Eller ein kan gå stien tilbake til Tjugen.



## Lange turar:

### Skåla

Start-/endepunkt: Tjugen, 1 km frå Loen. Ca 5 timar opp og 3 timar attende. Turen opp til toppen av Skåla, 1848 meter over havet, er krevjande. Du bør vere i god fysisk form og ha gode fjellsko. Utsikta frå toppen er slåande. Stiane er godt merka. Følg stien mot Tjugen Sæter, gå ikkje inn til sætra, men hald fram vidare på venstre sida av elva til bru ved "Skjingla" (650 m.o.h.), kryss elva, følg sti mot Skålavatnet (1142 m.o.h.) (einaste vatnet på turen). Ta til venstre og følg vardar til Skaret, ta til venstre, til Skåla og Skålatårnet.



### Årheimsfjellet

Ca 3 timers tur med lett gange. Start-/endepunkt: Oppheim (5 minutt med bil frå Loen). Høgaste punkt: Varden, 1007 m.o.h. Frå Oppheim følgjer du dei merka løypene til Rakssætra (ca 30 min. vandring) og Oppheimssætra (ca 10 min.). Rett etter Oppheimssætra, ta til venstre mot Årheimsfjellet. Fin sti med nydelig utsikt. 20 min. til Nøkketjønna (821 m.o.h.) og vegskilje aust/vest. Ta deretter vestover på merka sti til Varden. Utsikt til Stryn, Markane, Loen og Olden.